

Vår dato
20.09.2018

Vår referanse
Martin Frantzen
kasserar@mangermusikklag.com
988 59 028



Radøy Kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

SØKNAD OM REIESTØNAD

16. - 19. november 2018 reiser Manger Musikklag til Newcastle, Storbritannia, for å delta i den prestisjetunge konkurransen Brass in Concert. Dette er ein programkonkurranse for hovudsakeleg britiske brassband, som har fokus på nyskaping og underhalding. I år har Manger Musikklag vore så heldige å verte invitert som eit av få utenlandske brassband i denne konkurransen. Vi representerer i så måte både Radøy og Noreg som nasjon.

I høve Brass in Concert har Musikklaget tinga eit nytt verk av Martin Philip Winter. Verket baserer seg på kunstretninga kubisme, og hentar inspirasjon frå både poesi, biletkunst og dans. Sjølve framsyninga inkluderer visuelle elementer og innslag av skodespel. Det vil også verte mogleg å få med seg konsertprogrammet i Noreg. Vi nyttar det same verket i Siddis Brass i Stavanger Konserthus den 3. november, og i Skogen Sletta den 28. oktober. Me vonar verket vert eit friskt pust i konkurransen og vil skape begeistring blant både det norske og britiske publikum.

Sjølve konkurransen tek stad i konserthuset Sage Gateshead i Newcastle (www.sagegateshead.com) søndag den 18. november. Musikklaget skal også spele ein gallakonsert i det same konserthuset laurdag 17. november. For meir info om konkurransen, sjå: www.brassinconcert.com

Reisebudsjettet for turen er på ca 230.000kr (vedlagt), og Manger Musikklag søker i dette høvet om reisestønad frå Radøy kommune på kr.20.000,- for å bidra til å dekke utgifter som flybilletter, hotell, transport av slagverk, leige av buss, med meir. Vi håper på positivt svar frå kommunen.

Med venleg helsing
for Manger Musikklag,

Martin Frantzen

Mail: kasserar@mangermusikklag.com
Tlf: 988 59 028